



Gk Inneklima AS
Postboks 70 Bryn
0611 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3056 - 17/24801

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
15.12.2017

Godkjenning - GBNR 45/59 - Løyve til endring og reparasjon av ventilasjon/klimainstallasjon - Rosslund

Administrativt vedtak. Saknr: 355/2017

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søkjar: Gk Inneklima AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

GK Inneklima AS har på vegne av Meland kommune søkt om løyve i eitt trinn til endring og reparasjon av byggteknisk installasjon i form av ventilasjon/klimainstallasjon på Rosslund skule, gbnr. 45/59.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 12.12.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Ettersom arbeidet ikkje vedkjem interessene til naboar og gjenbuarar kan ikkje administrasjonen sjå at nabovarsling er nødvendig i dette tilfellet, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav f) og er søknadspliktige med krav om ansvarleg føretak etter pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

Eigedomen er satt av til offentleg eller privat tenesteyting i arealdelen til kommuneplanen, og er bebygd med skule. Endring og reparasjon av byggteknisk installasjon i form av ventilasjon/klimainstallasjon er i samsvar med arealformålet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Plassering:

Omsøkte endringar skal plasserast som vist på vedlagte teikningar, journalført 12.12.2017.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 12.12.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket er utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav f) løyve til endring og reparasjon av ventilasjon/klimainstallasjon på Rossland skule, gbnr. 45/59. For saksutgreiing og vurdering sjå ovanfor.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ansvar:

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve:

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall:

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest:

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart og teikningar

Mottakarar:

Gk Inneklima AS
Meland kommune

Postboks 70 Bryn 0611
Postboks 79 5906

OSLO
FREKHAUG